



Bergen tingrett

Kontoradresse: Tinghuset, Tårnplass 2, Bergen

Postadresse: Postboks 7412, 5020 Bergen

SMITTEVERNTILTAK I BERGEN TINGHUS

pr. 25. mai 2020

Før du kjem til Bergen tinghus

- Du har ikkje tilgang dersom du har symptom på forkjøling, korona eller er i karantene.
- Dersom du har symptom på forkjøling, må du ta kontakt med tingretten på telefon i god tid før du kjem.
- Dei med naudsynte ærend og avtale/innkalling har tilgang til tinghuset.

Du må følgje desse reglane når du oppheld deg i Bergen tinghus

- **Inngang frå Tårnplass (hovudinngangen).** Vakt vil sjå til at innkomande held avstand (slusing).
- Meddommarane skal vente i hallen til dei blir henta til aktuell rettssal/rom.
- Sprit hendene (tilgjengeleg i hallen) før du går vidare.

Når du møter andre

- Hald minst 1 meter avstand til alle personar du møter: I sikkerheitskontrollen, i korridorane, inn og ut av rettssalar og elles i bygget.
- Unngå å handhelse.
- Nytt trappene om du kan. Unngå å ta heis saman med andre.
- Hald til høggre når du møter andre i trapper og korridorar.
- Ta med eiga vassflaske.
- Ta gjerne med matpakke. Kantina i nabobygget er open frå 19. mai.
- Unngå unødvendige samankomstar og møte.

Når rettsmøtet er i gang

- Du skal sitte minst 1 meter frå andre partar og aktørar.
- Det vil vere tydeleg markerte plassar i rettssalen.
- Tolk blir vist til hensiktsmessig sitteplass i rettssalen.
- Vi legg til rette for bruk av fjernmøteteknologi der det er mogeleg.

Ha god hand- og hostehygiene

- Vask hender hyppig og grundig med såpe og vatn.
- Bruk handdesinfeksjon (ved inngangen, i fengslingsalane og dei største rettssalane).
- Vi vaskar fleire gonger dagleg: Handtak, panel i heisar, gelender, toalett, vaskeservantar og andre gjenstandar som personar ofte er bort i.
- Vi reingjer dagleg: Rettssalar og berøringsflater (tastatur, mus, bordflater, armlene, dørhandtak).